

## **SAK 71/10 TILSKOT TIL UNGT ENTREPRENØRSKAP**

### **Saksopplysning**

”Entreprenørskap i utdanninga i Hallingdal” har vore eit prosjekt i Hallingdal frå skuleåret 2006/2007, og det er løyvd midlar t.o.m. skuleåret 2010/2011.

Ungt Entreprenørskap Buskerud har saman med partnerskapsavtala finansiert ei 40% stilling, der Erna Viken Holvik er tilsett som prosjektleiar.

På regionrådsmøte 26.11.2010 vart det teke opp om det kan vera aktuelt å vidareføre Ungt Entreprenørskap etter skuleåret 2010/2011, noko det vart gjeve positive signal til. Det vil vera viktig å få gjort desse avklaringane no, for å gje nødvendige signal om ei eventuell vidareføring til prosjektleiar.

Hallingdal har som einaste region i Buskerud vore tilgodesett med ein 20% ressurs frå Ungt Entreprenørskap Buskerud. Og UE Buskerud er interessert i ei vidareføring fyrst og fremst ut frå at tiltaket blir sett på som svært vellykka i Hallingdal.

### **Vurdering**

Ungdommen er den viktigaste ressursen i det framtidige Hallingdal. Me treng ungdom som kan og vil omstille og nyskapa ut frå eigen kompetanse og ut frå lokale ressursar og behov. Entreprenørskap kan vera eit stikkord og det er viktig å tenke progresjon, der elevar kan få høve til å arbeide med entreprenørskap på ulike trinn i utdanningsløpet.

Etter dagleg leiar sitt syn er målet med å utvikle kreativiteten, skapargleda og trua på seg sjølv hjå barn og ungdom, eit av dei viktigaste fundamenta i ein aktiv distriktpolitikk.

I forhold til partnerskapsavtala med Buskerud fylkeskommune og Strategisk plan for Hallingdal er dette type tiltak som passar godt inn i satsingsområda.

Også i St.meld. nr. 25(2008-2009) ”Lokal vekstkraft og framtidstru. Om distrikts- og regionalpolitikken” er entreprenørskap og ungt entreprenørskap via stor merksemd (kap. 7.5 Styrkje arbeidet med entreprenørskap).

Ungt Entreprenørskap er ein ideell organisasjon som arbeidar for å auke forståinga for arbeids- og næringslivet sine krav og moglegeheiter hjå barn og unge. Dette blir gjort ved å tilby undervisningskonsept til utdanningssystema på ulike nivå.

Forskning syner at gjennomføring av UE sine program gir elevar auka sjølvtilitt, betre samarbeidsevner, meir bevisst i yrkesval og doblar raten for etablering av eigen verksemd (Østlandsforskning, 2003-2007).

Etter dagleg leiar sitt syn er det liten tvil om at ”Entreprenørskap i utdanninga i Hallingdal” er eit godt tiltak som er positivt motteke i skulane. Det er skapt stort engasjement og aktivitetane som skjer i Hallingdal blir lagt merke til også på nasjonalt hold i Ungt Entreprenørskap. Vedlegg bør vera ein god illustrasjon på noko av aktivitetane.

Utfordringa eller den største problemstillinga er kor lenge ein kan drive denne type tiltak som prosjekt. Erfaringar frå mange stader er at dersom ingen heldt engasjementet og ”trykket oppe”, forvitrar aktivitetane i løpet av få år. Skulane er pålagt mange oppgåver, og det dei ikkje får hjelp til å halde fokus på, av denne type tiltak, forsvinn fort bak i prioriteringskøa. Skal me oppretthalde og vidareutvikle entreprenørskapsarbeidet i skulane i Hallingdal må nokon halde tak i det. Etter dagleg leiar sitt syn er det tre aktuelle alternativ:

1. Avslutte eit vellykka tiltak etter skuleåret 2010/2011 og satse på at dei einskilde kommunane og skulane vidarefører intensjonane og arbeidet med ” Entreprenørskap i utdanninga i Hallingdal”.
2. Vidareføre prosjektet for 2 nye år.
3. Etablere ” Entreprenørskap i utdanninga i Hallingdal” som ei permanent ordning med ein stillingsdel som blir fordelt på kommunane.

Dagleg leiar meiner at alt. 3 burde vera den rette og langsiktige løysinga, men samstundes er det ei erkjenning om at det kan vera vanskeleg å få til ei slik løysing no.

Ut frå dette vil dagleg leiar rå til at prosjektet ” Entreprenørskap i utdanninga i Hallingdal” blir vidareført i 2 nye skuleår, og at det er ein intensjon å få til ei permanent ordning for Hallingdal.

Det er foreslått ein 40% stillingsressurs i Hallingdal i to år frå 01.08.2011 som vil arbeide mot alle skulane i Hallingdal. Det er sett ei kostnadsramme på kr 350.000 pr. år i to år, totalt kr. 700.000, der UE Buskerud tek 50% av kostnadane, noko som er svært positivt.

Dagleg leiar vil foreslå at Hallingdal sin del av kostnadane bli finansiert via partnarskapsavtala med Buskerud fylkeskommune. Alternativet kan vera finansiering via midlar til Strategisk plan for Hallingdal.


#### **Forslag til vedtak**

1. Regionrådet for Hallingdal vurderar ” Entreprenørskap i utdanninga i Hallingdal” som eit vellykka tiltak, som blir vidareført i 2 nye år, frå 01.08.2011, med ein stillingsressurs på 40%.
2. I god tid før prosjektperioden går ut skal det vera klargjort om ” Entreprenørskap i utdanninga i Hallingdal” kan etablerast som ei permanent ordning.
3. Av ei kostnadsramme på kr 350.000 pr. år i to år, totalt kr. 700.000, dekkjer UE Buskerud 50% av kostnadane.
4. Regionrådet for Hallingdal rår til at det blir løyvd 50% av kostnadane, totalt inntil kr. 350.000, av midlar frå partnarskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2010.

Ål 15.12.2010

Knut Arne Gurigard  
Dagleg leiar

Vedlegg: Div. artiklar om Ungt Entreprenørskap i Hallingdal




**Ungt Entreprenørskap**

Buskerud


[Logg inn](#) | [Registrer deg](#)

---


← [UE.no hovedsiden](#)



**UE-programmene**  
Les mer om våre program



**Materiell**  
Gå til nettbutikken



**UE filmkanal**  
Se våre filmer på youtube

- Årsplan 2010/11
- Innovation Camp 2010
- Ungdomsbedrift - steg for steg
- Gründercamp
- Inkluderende Arbeidsliv
- Samarbeidspartnere
- Kontakt UE
- UE-Bedrifter

UE > Buskerud > Bedrifter i UE Buskerud

## Bedrifter i UE Buskerud

Navn ▲	Program	Skole
Armillia UB	Ungdomsbedrift	Drammen videregående skole
BH-bedriften	Elevbedrift	Spikkestad ungdomsskole
Camisa UB	Ungdomsbedrift	Gol videregående skule
Clean Seat UB	Ungdomsbedrift	Drammen videregående skole
Cupcakes	Elevbedrift	Hol ungdomsskole
DigiIllusion	Ungdomsbedrift	Rosthaug videregående skole
Dobbelflaska UB	Ungdomsbedrift	Drammen videregående skole
Drammens(S)laget UB	Ungdomsbedrift	Drammen videregående skole
Fangeboden UB	Ungdomsbedrift	Hønefoss videregående skole
Globand UB	Ungdomsbedrift	Drammen videregående skole
Gol datahjelp UB	Ungdomsbedrift	Gol videregående skule
Graphilms Ungdomsbedrift	Ungdomsbedrift	Åssiden videregående skole
Grapix Ungdomsbedrift	Ungdomsbedrift	Åssiden videregående skole
Harmony	Ungdomsbedrift	Åssiden videregående skole
Hjemelagd AS	Elevbedrift	Hol ungdomsskole
Insight Photo UB	Ungdomsbedrift	Gol videregående skule
iProtect UB	Ungdomsbedrift	Drammen videregående skole
Kakelotteri	Elevbedrift	Hol ungdomsskole
Kantina	Elevbedrift	Flå skole
KavHalling UB	Ungdomsbedrift	Ål videregående skole
Knips & Tast	Ungdomsbedrift	Rosthaug videregående skole
Kunde i Boks	Ungdomsbedrift	Drammen videregående skole
Lommespesialisten	Elevbedrift	Spikkestad ungdomsskole
Makrame	Elevbedrift	Hol ungdomsskole
Midt i Blinken UB	Ungdomsbedrift	Drammen videregående skole
Nordic Style	Elevbedrift	Spikkestad ungdomsskole
Ole Gunnar Vinger SB	Studentbedrift	Høgskolen i Buskerud
Presence studios UB	Ungdomsbedrift	Gol videregående skule
Pur Design SB	Studentbedrift	Høgskolen i Buskerud
Purple Hairday	Elevbedrift	Spikkestad ungdomsskole
RE:Design	Ungdomsbedrift	Røyken videregående skole
Retape film og lyd	Ungdomsbedrift	Rosthaug videregående skole
Screen Design ungdomsbedrift	Ungdomsbedrift	Åssiden videregående skole
Sigurd H Carlsen SB	Studentbedrift	Høgskolen i Buskerud
Spekter Lysdesign SB	Studentbedrift	Høgskolen i Buskerud
Sykelhjelpen	Elevbedrift	Spikkestad ungdomsskole
Såpejentene	Ungdomsbedrift	Ål videregående skole
Tegnaglede UB	Ungdomsbedrift	Drammen videregående skole
Test KVJ	Ungdomsbedrift	Drammen videregående skole
Uan-Z	Ungdomsbedrift	Rosthaug videregående skole
Ungmat.com	Elevbedrift	Slemmestad ungdomsskole
ungmat.com	Elevbedrift	Slemmestad ungdomsskole
viking kvalitet	Elevbedrift	Spikkestad ungdomsskole
Vulcis	Ungdomsbedrift	Røyken videregående skole

[UE > Buskerud](#) > Ungdomskolelærere i Hallingdal på kurs i idèutvikling

## UE-programmene

Les mer om våre program

## Materiell

Gå til nettbutikken

## UE filmkanal

Se våre filmer på youtube

Årsplan 2010/11

Innovation Camp 2010

Ungdomsbedrift - steg for steg

Gründercamp

Inkluderende Arbeidsliv

Samarbeidspartnere

Kontakt UE

UE-Bedrifter

# Ungdomskolelærere i Hallingdal på kurs i idèutvikling

Engasjerte og ivrige lærere fra Ål, Gol, Hol, Nesbyen og Hemsedal fikk testet sine kreative evner



*Henrik Haugestøl, Brit Kvile og Andreas Møhlenberg ferdigstiller byggverket !*

Torsdag 9.september møtte 8 ungdomsskolelærere i Hallingdal til kreativitetskurs på Gol videregående skule.

Ungt entreprenørskap Buskerud var kursarrangør, og tilsvarende kurs har vært holdt i Drammen, Kongsberg og Hønefoss. Deltagerne fikk informasjon om Ungt entreprenørskap og opplegget for Innovation camp.

Årets Innovation camp **:Se mulighetene og gjør noe med det** har fokus på sosialt entreprenørskap, der en ekstern veileder gjennomfører en 90minutters økt på skolene.

I etterkant av dette starter jobben med å komme frem til gode idèer til produkter og tjenester som skal være til nytte for noen i eget lokalsamfunn.


Lærerne gikk inn for oppgaven med liv og lyst. Engasjementet var på topp og idèene poppet frem. Nytt spiseredskap for eldre (og andre) som skal spise Napoleonskake, smarte løsninger på "turmat" for småbarnsfamilier, er bare noe av det lærerne hadde "svaret" på.

Mange av øvelsene som lærerne fikk prøve seg på, skal også 9.klasse-elevene deres jobbe med. Innen 12.oktober må skolene melde inn de beste idèene. 1 idè pr. 30 elever går til mellomrunden på Hønefoss. Mellomrunder arrangeres også i Drammen og Kongsberg. 12 idèer går til finale i Kongsberg.

På kurset var det også fokus på "å gjøre noe med det", dvs.videreutvikle idèene og sette dem ut i livet. Skolene ble oppfordret til å la elevene prøve ut, tilby og gjennomføre tjenester i lokalmiljøet, teste ut produkt gjennom elevbedrift eller en utvidet lokal Innovation camp.

Hol ungdomsskole sin Innovation camp modell for alle 9.klasse- elever over en uke, ble presentert.

Å drive elevbedrift krever samarbeid. Dette fikk lærerne testet gjennom "Sugerøvelsen". Først 5.min til å legge strategi for å bygge høyest mulig med sugerør og knappenåler. Deretter bygget gruppen i 5 min. uten å kommunisere. Byggverket skulle tåle å bli sluppet ca.0,5m og fortsatt stå oppreist!



*Vidar Lystad og Stian Ripe Daviknes.*

Ingenting å si på konkurranseinstinkt og samarbeid i gruppene!!

Lykke til med det videre arbeidet og takk for en trivelig kursdag!

Erna Viken Holvik

Sist oppdatert: 16.09.10 21:35

Alt innhold er kopibeskyttet - Ungt Entreprenørskap 20©08 - Web: Sysco - Design: ZVK 



## Dømt for overgrep

Ein halling er dømt til fengsel i eit halvt år.

Arne O. Lindahl  
aol@hallingdolen.no

Hallingdal tingrett har funne han skuldig i brot på straffelovs paragraf 200 som omhandlar seksuell handling med eit barn under 16 år under særdeles skjerpande omstende.

Hallingen nekta for overgrepa, som retten meiner det har skjedd då jenta var omkring tolv år gammal.

Han er også dømt for krenkande åttferd overfor jentas systar, som er eldre enn henne. Han nekta også for dette forholdet.

Tingretten trudde på forklaringane til jentene. I tillegg til fengselsstraffa på seks månader må hallingen betale den yngste av jentene ei oppreisning på 40.000 kroner. På toppen av dette må han betale 10.000 kroner i sakskostnader.

Forsvararen hans, Peter Bjørk, kravde full frifinjing. Bjørk seier til Hallingdølen at det ikkje er teke stilling til om dommen blir anka.

## Klare for fylkesfinalen

I dag, torsdag, er det fylkesfinale for iderike ungdomsskuleelevar. Hemsedal og Nes har kvalifisert seg.

Embrik Rudningen  
er@hallingdolen.no

Ungt entreprenørskap har i lag med skulane arrangert noko dei kallar Innovasjonscamp på dei fleste ungdomsskulane i Hallingdal. I år har elevane tevla om å ha dei beste ideane innanfor sosialt entreprenørskap.

I Buskerud har totalt 26 ungdomsskular vore med.

I ein mellomrunde på Hønefoss gjekk gruppa frå Hemsedal og gruppa frå Nes vidare til finalane på Kongsberg som blir arrangert i dag, torsdag.

Elevane frå Hemsedal stiller med ideen «Kvisleis». Forretningssideen deira er å hjelpe ungdom med å gjere riktige val av yrke. Det ser dei for seg skal skje ved å samarbeide med lokale bedrifter og arrangere kontakt mellom bedrift og ungdom.

Elevane frå Nes ungdomsskole har kalla sin ide «Trygt samfunn for alle». Den går ut på å arrangere aktivitetar for unge asylsøkjjarar og ungdom i lokalsamfunnet, slik at dei kjem saman og blir kjent med kvarandre. Tanken er at det skal bidra til integrering i lokalsamfunnet og forståelse for kvarandre sine kulturar.



Under lupa: Det spøkjer for barnehage på Rotneim når det skal kuttast utgifter i Gol kommune.

# Drastiske kutt

■ Politikerane vurderer å legge ned grendebarnehagane

Ein storbarnehage i Herad. Nedlegging av alle grendebarnehagane og samling av skuleelevane ved Gol skule.

Stein Torleif Bjella  
stb@hallingdolen.no

Det er ikkje småsaker som blir diskutert blant politikarane på Gol om dagen. I går var det Utval for kultur og levekår (UKL) som prioriterte det vidare arbeidet med å finne varige kutt i kommunedrifta. Skulefagleg rådgjevar Astrid Myro Rust presenterte kuttforslag på vegner av ei arbeidsgruppa der rektorane har vore med. Myro Rust la fram sju ulike kuttalternativ. Politikerane samla seg om å greie ut flytting av alle grendebarnehagane til Herad skule. Samt flytting av alle skuleelevar til Glitrehaug og Gol skule. Det skal skje samstundes som arbeidet med ny skule.

### Selja barnehagebygg

Tiltaket vil redusere utgiftene til administrasjon, samt at det er formålstenleg å samle alle barnehagane i Herad. Husa som grendebarnehagane i dag disponerer, kan seljast. Slik vil me få bort kostbare vedlikehaldsutgifter, forklarar Myro Rust. Ho antyda ei innsparing på 978.000 kroner ved å flytte barnehagane til Herad. I tillegg kjem

280.000 kroner i reduserte administrasjonsutgifter.

– Og ved berre å ha ein skuleadministrasjon, vil me spare mellom 350.000 og 400.000 kroner, forklarar Myro Rust.

### Stor innsparing

– Når ny skule står klar, kan me kanskje rekne med ei innsparing i avdelinga på 2,5 millionar kroner i året, sa Myro Rust.

Politikarane diskuterte om ein skulle vente med omlegging av skule- og barnehagestrukturen til ny skule stod klar.

– Men ut frå reknestykket Myro Rust legg fram, kan kommunen spare 1,6 millionar kroner berre ved å flytte alle barnehageungane til Herad. Det er ei stor innsparing me må vurdere, til og med før ny skule står klar, meinte Tom Rune Blakkestad (H).

– Derfor må me ha to tankar i hovudet, sa Tore Dag Skjerdal (Sp).

### Store spørsmål

– Det er litt av ein konklusjon dette. Å leggje ned grendebarnehagane. Me diskuterer berre kroner og øre. Ikkje kvaliteten på skuletilbodet. Sjølv har eg svært gode opplevingar med Herad. Verdien av å ha skulen, har me ikkje diskutert, sa Bjørn Ludvig Søgne (Ap).

– Eg vil ha ein brei debatt om desse spørsmåla. Det er store spørsmål for Gol-samfunnet, sa Søgne som viste til to nye store byggjefelt i nedre Gol; Gorolie og eitt ved skytebanen på Hagaskogen. Slik

sett endrar befolkningsmønsteret i Gol seg. Er det då riktig å leggje ned Herad? spurde Søgne.

### Prioriterte vidare arbeid

– Skal Gol byggje ny skule ved Hallingmo, ryk skuletilbodet ved Herad, meinte Blakkestad (H). Han understreka at UKL ikkje vedtok endringane. Berre bad administrasjonen arbeide

vidare med endringane fram til økonomikonferansen i mai.

Politikarane ville også at administrasjonen skulle sjå på plassbehovet ved Gol ungdomsskule, sidan det i framtida ser ut til å bli tre parallelle klassar framover. Som ei mellombels løysing på plassproblemet, kan det vera aktuelt å nytte Gol bedehus og klubbhuset ved idrettsbanen.

## Bakgrunn for debatten

14. oktober i år utfordra formannskapet avdelingane i Gol kommune til å koma med framlegg om varige driftsreduksjonar på sju millionar kroner.

Det er den summen politikarane må stramme inn drifta med, for å få råd til å byggje ny skule. Ny skule (1. – 10. klasse) ved Hallingmo er grovt kostnadsrekna til 250 millionar kroner. Ifølgje den såkalla milepælsplanen, skal det vera byggjestaart i 2013. På økonomiplanen for 2011 til 2014 ligg det no inne 140 millionar kroner til prosjektet. Denne veka blir kuttforslaga frå adminis-

trasjonen diskutert i Utval for natur og næring (UNN) og i Utval for kultur og levekår (UKL). Sakspapira har vore unnateke offentlegheit, men ikkje møtet.

– Det er unnateke offentlegheit fordi dette berre er eit arbeidsnotat som skal danne grunnlaget for debatt om vidare nedskjeringar, forklarar rådmann Hege Mørk. Ho forklarar at politikarane skal diskutere kuttforslaga vidare på økonomikonferansen i mai neste år. Men at utvala no skal definere kva dei ynskjer administrasjonen skal arbeide meir med.

## Etterlyste Hallingmo

Politikarane i Gol etterlyser framdrifta rundt utbygging av Hallingmo-området.

– Kva skjer på Hallingmo? Det går smått. Lufta går ut av mange når det ikkje skjer noko med prosjektet, sa Jon Anders Hefte (Ap).

– No skjer det noko. Tysdag i neste veke skal styringsgruppa ta stilling til arkitektkonkurransen. Då er arbeidet i gang for fullt att, forklarar rådmann Hege Mørk.





**Kva manglar:** Kva er det Ål har, som manglar på plakaten på tavla? Kulturhus, togstasjon og motocrossbane, var blant svara. Frå venstre: Aubakari Tsitskiev, Ingebjørg Hågensen Ådnegard, Kristine Warberg, Aliasger Abas Ali, Torleif Dalseide og Tobias Nordahl-Pedersen.

# Ordføraren som lærar

Ærefrykt og nervøsitet fordunsta etter kvart. Ål-ordførar Torleif Dalseide underviste fjerdeklasse om lokalsamfunnet.

- Kva er viktig i eit lokalsamfunn, spør ordførar Torleif Dalseide.

- Fred, seier Marius Brusletto-Sundbrei.

- Mat og vatn, seier Dennis Odda Sjemmedal.

- Sjukehus, seier Nora Fosse.

Lista blir lang når fjerdeklasse peikar på fleire viktige ting: Hus til alle, bensinstasjon, bank, brannstasjon, politi - og ikkje minst: sko.

Ordføraren gav vidare elevane heilt rett i at ein treng både venner og togstasjon. Tull og moro inniblant også.

## Tre økter

Ungt Entreprenørskap har stadig vekk opplegg for skulen, mellom anna dette. Berebjelken i det prosjektet er samarbeid mellom skule og næringsliv. Målet er kort fortalt å så ei grunderspire i dei håpefulle.

Denne veka var det fjerde- og femteklasse i Ål kommune som skulle lære om lokalsamfunnet. Samspelet mellom det offentlege og det private - samt avgjerdsprossar.

Tre tilsette frå Ål kommune har vore med som lærarar i dette opplegget, også sjølvaste ordføraren. Måndag hadde han fyrste av tre økter med fjerdeklasse på Nedre-Ål skule.

## Fargelegging

Dei identifiserte kva eit lokalsamfunn er, kva som er viktig og kva som trengst. Dei samanlikna Ål med ei teikning i eit arbeidshefte dei fekk utdelt. Ei av oppgåvene var å lime inn klistremerke på rett plass i heftet.

- Det var lett å finne den riktige plassen. Men det er vanskelegare å fargelegge så det blir fint, seier Daniel Stubkjær Christensen.

- Tenk om ein kunne hatt ein heil

time i veka med berre fargelegging, dagdrøymmer han.

Då Hallingdølen måtte vidare, var dei i ferd med å diskutere kva lokalsamfunnet burde gjera med eit tomt lokale på teikninga alle hadde fått utdelt.

Det var ingen tvil om at opplegget fall i god jord hjå elevane. Elevane var litt nervøse i forkant av det fasjonable besøket. Men det tødde raskt opp.

- Opplegget høver bra for elevane, og ordføraren gjer ein solid jobb som lærar, seier kontaktlærer Hallvard Sønndrål.

## Fråflyttingstider

- Eg vil nok tru at respekten for ordføraren går ned ettersom dei blir eldre, flirer Torleif Dalseide.

- Som ordførar er eg berre unntaksvis rundt på skulane og klasseromma. Men eg ser det er veldig nyttig på fleire måtar. I tillegg til at eg ser korleis dei har det, er det jo slik at me bør bli flinkare til å få med barn og unge i avgjerdsprossar. Kanskje dette kan vera med å gi dei lyst til det, seier Dalseide.

- Ål er fyrste kommunen i Hallingdal som prøver dette prosjektet, seier Erna Viken Holvik i Ungt Entreprenørskap Hallingdal.

No utfordrar dei fleire kommunar til å prøve det same.

- Forsking viser at dei elevane som er presentert for lokalt næringsliv i større grad etablerer seg i heimkommunen. Det er noko å tenke på i desse fråflyttingstider, seier Erna Viken Holvik.

EMBRIK RUDNINGEN  
er@hallingdolen.no



**Disiplin:** Torleif Dalseide understreka at fjerdeklass



**God lærar:** Ordførar Torleif Dalseide fekk gode skots Christensen vedgår at dei var spente, men seier det





ingane måtte rekke opp handa.



mål som lærar. Daniel Stubkjær var moro med ein slik lærar.



**Ny og gamal lærar:** Hallvard Sønndrål (til høgre) er kontaktlærar saman med Mildrid Erdal til vanleg. Han tykkjer ordføraren (bak) klarde seg bra.



# Slit hardt med å få tilsett barnevernsleiar

Stillinga som barnevernsleiar for heile Hallingdal vart lyst ut på nytt, men ingen fleire søkte.

**Embrik Rudningen**  
er@hallingdolen.no

Etter planen skal Hallingdal ha felles barnevernstenest frå 1. juli neste år. Kontoret skal

liggje på Ål, og vil få rundt 18 årsverk. Men det har ikkje vore like beint å få ein leiar.

Søknadsfristen på fyrste utlysing gjekk ut 28. september.

Berre fem personar søkte, og stillinga vart lyst ut på nytt. Trass utlysing mange stader, hadde ingen nye søkjarar meldt seg då fristen gjekk ut 23. oktober.

– Me må køyre ein ny prosess. Me er nøyde til å få fleire søkjarar, seier rådmann i Hem-

sedal, Gabriel Johannessen (biletet) som er leiar i prosjektgruppa.

No skal det headhuntast. Om nødvendig vil dei òg vurdere å leige inn eit byrå til jobben.

– Me må også gå breiare ut, å



fokusere på at det er ei leiarstilling. Erfaringane hittil viser at det er vanskeleg å finne kombinasjonen mellom fag og administrative og økonomiske kvalifikasjonar, seier Johannessen.

Johannessen seier dei vil ha på plass den nye leiaren så fort som råd.



**Sjekk plakaten:** 9. klasse ved Hemsedal barne- og ungdomsskole vann pris for design. F.v. Jane Løken, Ida Bjerkan og Sigurd Sollien Hulbak.

# Fekk pris for design

Når fire niandeklassingar frå Hemsedal samarbeider med ein designstudent frå Ål, blir det pris i finalen i Innovation Camp.

**Mona N. Stensvold**  
mns@hallingdolen.no

Innovation Camp er ein oppfinnarkonkurranse i regi av Ungt Entreprenørskap og Høgskolen i Buskerud.

Alle niandeklassar i fylket kan delta, og meininga er at dei skal finne opp sitt eige produkt, som dei deltek med.

Fire ungdommar frå Hemsedal kom heilt til finalen i årets konkurranse.

Olav Thorset, Ida Bjerkan, Jane G. Løken og Sigurd Sollien Hulbak har utvikla *Go-grepet*. Det er eit mjukt røyr som

ein kan tre utanpå river, kostar, snøemaker eller spadar, for å unngå blemmer på hendene.

## Studenthjelp

Før fylkesfinalen i Kongsberg, var dei ein dag på Høgskolen i Buskerud si avdeling i Drammen. Der fekk dei designhjelp av student Peter Berg Vigdal frå Ål. Han snart ferdig med ein bachelorgrad i visuell kommunikasjon.

– Kort fortalt har mi rolle vore å hjelpe elevane med å designe plakater, brosjyre og ein logo, forklarar Vigdal.

Han melde seg frivillig då

studentane fekk spørsmål om å stille opp som designhjelpearar.

– Det var berre moro, og eg veit ikkje kvifor det vart eg som skulle hjelpe elevane frå Hemsedal. Det var nok tilfeldig, seier studenten.

## Haust og rive

Han fortel at dei mellom anna var einige om å nytte haustfargar fordi dette er tida når mange driv med river og raking.

– Den dagen me jobba i lag nytta me tida til å ta bilete og prate om produktet, så gjorde eg ferdig resten av arbeidet før finalen.

Sjølv om han vart ropt opp som designprisvinnar torsdag, er det ikkje den største premien.

– Eg får vel eit diplom, kanskje. Men det er læring i det



**Designvinnar:** Peter Berg Vigdal frå Ål studerer visuell kommunikasjon, og hjelpte elevane frå Hemsedal med å lage plakater og brosjyre under årets Innovation Camp.

som er det viktige, og så var det jo moro å vere med, seier han.

## Stressande moro

Elevane frå Hemsedal var nøgd med finalehjelpa.

– Det var utruleg artig å vere med på Innovation Camp. Dagen me hadde med Peter var nyttig, og det var moro at me vann designprisen, seier Jane G. Løken og Ida Bjerkan.

## Gogrep-produksjon

Sjølv om dei gjekk til topps for design og stand, var firkloveret frå Hemsedal likevel ikkje blant dei som fekk pengepremiar for produktet sitt.

Dei er likevel nøgd med at dei kom så langt.

– Me er små vinnarar, alle me som var i finalen. Det var litt skuffande at me ikkje vann nokon pris for sjølve produktet vårt, men me håpar me kan få til eit samarbeid med nokon som kan produsere *Go-grepet* for oss, seier dei.



## Aktlaus køyring

Natt til søndag vart ein mann i 20-åra stoppa på Geilo på grunn av mistanke om promillekøyring. Bilføraren vart køyrd til legevakta for å ta blodprøve. Også på Nes vart ein mann stoppa med mistanke om promillekøyring. Politiet fortel at han køyrde meir i vestre køyrebane enn i høgge. Sjøføren vart testa gjennom blåseprøve.

## For få elbilar

200.000 elbilar må ut på norske vegar innan 2020 for å nå regjeringa og EUs klimamål om ein meir miljøvennleg bilpark.

Problemet er berre at så mange og brukbare elbilar ikkje finst enno. Redaktør i Bilforlaget, Jon Winding-Sørensen, seier til NRK at han meiner det blir umogleg å nå dette målet. (©NPK)

## Leitte etter nederlendar

Mannen (23) som vart meldt sakna i helga, vart laurdag kveld funnen i god behald i Oslo.

Han har overnatta på campingplassar, og mora slo alarm då ho ikkje hadde høyrd frå han på to dagar. Dei siste spora etter mannen var ved Tuva i Hol, melde NTB.

Laurdag kveld sende 23-åringen melding til mora om at han var i Oslo på veg heim til Nederland.



**Varme muffinstøflar:** - Eg hadde lyst på muffins, dermed vart det muffinstøflar, forklarar Maria Fure (14) (t.h.) Her saman med venninnene Hilde Læg Reid (t.v.) og Julie Grøthe.

# Unge og oppfinnsame

«Stem på uss, stem på uss». Det var god stemning og høgt engasjement fredag då 9.-klasse ved Hol ungdomsskule presenterte oppfinningar.

**Kristin Munkejord**  
km@hallingdolen.no

Sist veke fekk elevane i oppdrag å skape nye idear med utgangspunkt i «Mitt liv og arbeid 2025». Innovation Camp er hovudsakleg ein oppfinnar-konkurranse i samarbeid med høgskulen i Buskerud og organisasjonen «Ungt entreprenørskap».

Hol ungdomsskule har, som einaste skule i fylket, utvikla ein eigen modell for opplegget. Skulen set av ei heil veke slik at elevane kan få jobbe vidare med sine idear. Dei tre beste gruppene går vidare med sine produkt til ein mellomrunde i Hønefoss og eventuelt til ein fi-



**«Tellus»:** Hanne Berg (t.v.), Anita Skarpås og Tiril Sjøstad Christiansen vil informere og lære u-land om klimaproblem.

nale der dei ti beste forslaga frå heile fylket samlast.

- I løpet av veka har dei hatt forskjellige forelesarar frå næringslivet. Pål Medhus var blant anna innom for å fortelje om merkevarebygging og marknadsføring, fortel Erna Viken Holvik frå Ungt Entreprenørskap.

### Stått på

Fredag var det klart for utstilling på Fjellvang. Kvar gruppe hadde presentasjon av sitt produkt, og ein stand. Det var lett å sjå at elevane hadde lagt ned

mykje arbeid både i planlegging og produktutvikling. Dei hadde funne opp alt frå hårbørstar med innebygd kosmetikk, til nye patent på tannbørstar, musikkspelarar og skismurning.

For Hilde Læg Reid (14), Julie Grøthe (14) og Maria Fure (14) har veka gått med på å utvikle ideen om ekstra varme tøflar for kalde vinterdagar.

- Sola inneheld kjemiske stoff som utviklar varme ved trykk, forklarar dei og legg til at dei har tatt med seg lærdom frå naturfag.



**Kreativ gjeng:** 9. klasse ved Hol ungdomsskule fekk mykje skryt for arbeidet dei hadde gjort under Innovation Camp.

Dei er alle einige om det har vore lærarrikt å jobbe med eit slikt prosjekt.

- Det er moro og annleis enn ein vanleg skuledag, seier dei.

### Imponert

- Me arrangerer slike prosjekt for å trene opp grunnevrer som kreativitet, samarbeid, og samspel forklarar Viken Holvik. Stikkord er samarbeid med næringsliv og samspel med elevane.

Gjennom å vere med på dette prosjektet har elevane fått øvd på å stå fram og selje ein idé.

Ein jury med folk frå næringslivet delte ut prisar i fem kategoriar. Viken Holvik er imponert over kva ungdomsskulen har fått til. Ho peikar på at i løpet av ei slik veke er det ofte elevane som elles ikkje hevdar seg på skulen som ofte får oppleve suksess og vise sine kvalitetar.

- Eg synest det er veldig bra. Dette blir meir og meir profesjonelt for kvart år. Elevane har lagt ned mykje arbeid i stand og modellar. Nokre av ideane kunne eg godt tenke meg sjølv dersom dei blir produsert, smiler ho fornøgd.



# Vann med troll-tema

■ Unge gründerar ■ Kom med gode idear til reiselivet i Hallingdal

Torsdag tevla elevar på vidaregåande om den beste reiselivs-ideen for Hallingdal. Troll-ferie på fjellet vann.

**Embrik Rudningen**  
er@hallingdolen.no

Ungt entreprenørskap Buskerud arrangerte «Gründercamp» på Gol vidaregåande skule torsdag. Rundt 100 elevar frå fyrste klasse i ulike studieprogram på Ål- og Gol vidaregåande deltok. Av 17 gruppepresentasjonar for ei fullsett kantine var det prosjektet Trollskogen som fall best i smak hjå juryen. Oppgåva dei hadde brukt heile dagen til å bryne seg på, var å beskrive ei reiselivsbedrift i 2016 med tilknytning til Hallingdal.

– Ideen er eit ferieparadis med troll som konsept. Det kan liggje på fjellet ein stad i Hallingdal. Målgruppa er barnefamiliar. Dei skal bu i trollholer. Transporten til trollspa, trollbarnehagen, trollrestauranten

eller trollteateret foregår med hest og kjerre, eller ein kan gå, forklarar ein av dei glade vinnarane, Mari Moen.

Ho går i fyrsteklasse dans og drama på Gol. Med seg på vinnarlaget hadde ho Mari Haugo og Ingvild Langehaugen som går service og samferdsel på Ål, samt Peder Svardal som går idrett på Gol.

## Halling for ein dag

Andreplassen gjekk til konseptet «Be a halling». Ideen her var at folk kunne betale for instruksjon om korleis ein skulle ete, drikke og danse som ein halling. Juryformann Eldgrim Springgard grunn gav den gode plasseringa med at ideen lett kunne setjast ut i live, og det ville styrke heile reiselivet i Hallingdal, samt merkevara Hallingdal.

Målsetjinga med arrangementet var nettopp å få tilbakemeldingar frå framtidens potensielle reiselivstilsette om korleis dei ser det for seg. I tillegg gje dei innsikt i reiselivet og så eit gründerfrø i dei unge. Dei som syslar med slikt i fylkeskommunen var på plass for å suge til



**Siger:** Gruppa med konseptet Trollskogen får overrekk fyrstepremien av Guro Mette Hedemark i Ungt entreprenørskap Buskerud. Ei gymveske med sokkar og eit handkle. Frå venstre: Mari Haugo, Mari Moen, Peder Svardal og Ingvild Langehaugen.

seg inntrykk. Dette var fyrste gongen eit slikt arrangement var på ein vidaregåande skule i Hallingdal.

## Ekte norsk

Det var fleire hotellkonsept blant dei åtte finalistane, eitt gjekk ut på å byggje ein diger bjørn i Flå, med brunstota hotellvindaug for å simulere bjørnepels og bar i bjørneskal-

len med 270 graders utsyn over bygda.

Felles for finalekonseptane var at dei tenkte på miljøet, ville bruke internett i marknadsføringa og mange ville ha Olav Thon med på finansiering.

Trollskogen var såleis langt frå dei einaste som ville bruke hest og kjerre til intertransporten.

– Sigeren var uventa. Me

vann truleg fordi det var eit gjennomført og heilheitleg konsept, seier Peder Svardal.

– Kva tykkjer de om reiselivet i Hallingdal?

– Det kunne vore fleire tilbod. Om vinteren er det mykje som skjer, men det er stille om sommaren, seier Mari Haugo.

– Vårt konsept handlar mest om sommaren, å oppleve noko ekte norsk, seier Mari Moen.

## Billegare å overnatte på hotell

August vart fyrste månaden i år der prisen på hotellrom gjekk ned.

**Embrik Luksengard**  
el@hallingdolen.no

Prisane på hotellovernatting har halde seg gjennom heile året, trass i finanskrisen og dårlege tider. I august kom omslaget.

– I snitt gjekk prisen på hotellovernatting ned frå 854 til 823 kroner, fortel Arild Krogh i Statistisk sentralbyrå.

### Venta nedgang

Dette er ikkje overraskande. Dei som følgjer næringa er heller overraska over at nedgangen ikkje har kome før. Rasmus Sandnes ved Dr. Holms Hotel på Geilo forklarar det blant anna med at mykje av trafikken hittil i år var kontraktfesta før finanskrisa slo til for fullt. Seinare kontraktar gir seg utslag fyrst no.

– Dr. Holms Hotel hadde nedgang i trafikken dei fire fyrste månadene i år. Seinare har me volummessig halde same nivå som i fjor. Men me har hatt ein liten nedgang i pris, seier Sandnes til Hallingdølen.

Prisnedgangen på landsbasis kjem i tillegg til ein

nedgang i hotellovernattingar generelt. I heile landet var nedgangen tre prosent i august. I Hallingdal var den større, i overkant av fem prosent.

Hittil i år har talet på hotellovernattingar i Hallingdal gått ned sju prosent samanlikna med same perioden i 2008.

### Bekymringsfullt

Det er skilnader mellom dei ulike kommunane og ikkje minst mellom hotellbedriftene. Hemsedal har nesten greidd å halde fjorårets nivå. Hol har den største nedgangen etter åtte månader med 14 prosent.

– For næringa her er dette bekymringsfullt. Som ein region nær fjordane har Hallingdal vanlegvis god sommartrafikk. Me får håpe nedgangen er midlertidig, seier Rasmus Sandnes.

Han reknar likevel med at 2010 også blir eit tøft år.

– I år har det vore mykje psykologi, i 2010 handlar det om realøkonomi. Eg trur det vil stabilisere seg og snu i slutten av 2010.

S SANDEFJORD - STRØMSTAD

# Bilpakke

1 bil + 5 personer

fra kr 125,-

for Color Club medlemmer  
fra kr 175,- for ikke-medlemmer

Kjøp årets  
juleribbe om bord!

Kun kr 19,90  
pr. kg

810 00 811  
colorline.no